



# Høgskulen på Vestlandet

## Bacheloroppgave

SAB390

### Predefinert informasjon

|                |                         |                 |                            |
|----------------|-------------------------|-----------------|----------------------------|
| Startdato:     | 03-05-2023 09:00 CEST   | Termin:         | 2023 VÅR                   |
| Sluttdato:     | 15-05-2023 14:00 CEST   | Vurderingsform: | Norsk 6-trinns skala (A-F) |
| Eksamensform:  | Bacheloroppgave         |                 |                            |
| Flowkode:      | 203 SAB390 1 O 2023 VÅR |                 |                            |
| Intern sensor: | (Anonymisert)           |                 |                            |

### Deltaker

|              |     |
|--------------|-----|
| Kandidatnr.: | 202 |
|--------------|-----|

### Informasjon fra deltaker

|               |   |
|---------------|---|
| Tittel *:     | Einslege mindreårige flyktingar si psykiske helse |
| Antall ord *: | 7976  |

Sett hake dersom Ja  
besuarelsen kan brukes  
som eksempel i  
undervisning?:  
  
Jeg bekrefter at jeg har Ja  
registrert  
oppgavetittelen på  
norsk og engelsk i  
StudentWeb og vet at  
denne vil stå på  
vitnemålet mitt \*:  
  
Egenerklæring \*:  
Ja  
Inneholder besuarelsen Nei  
konfidensielt  
materiale?:

### Gruppe

|                            |   |
|----------------------------|---|
| Gruppenavn:                | (Anonymisert)                                   |
| Gruppenummer:              | 45  |
| Andre medlemmer i gruppen: | Deltakeren har innlevert i en enkeltmannsgruppe |

Jeg godkjenner avtalen om publisering av bacheloroppgaven min \*

Ja

**Er bacheloroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? \***

Nei

**Er bacheloroppgaven skrevet ved bedrift/virksomhet i næringsliv eller offentlig sektor? \***

Nei

# BACHELOROPPGÅVE

Einslege mindreårige flyktningar si psykiske helse

Mental health of unaccompanied minor refugees

Kandidatnummer 202

SAB390 Bacheloroppgåve i sosialt arbeid

Fakultet for helse- og sosialvitenskap

Innleveringsdato: 15.05.2023

Antall ord: 7976

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

## **Abstract**

This study examines mental health of unaccompanied minor refugees. The research question is «How is the mental health of unaccompanied minor refugees affected when they flee/on the run to Norway?. Through the method literary studie and 5 articles i am going to identify how the unaccompanied minors mental health get affected on a run to Norway, and by articles see how many that are taking consequenses from their flee and how they doing after arrival to Norway. The findings in the articles shows that there are different factors on why their mental health is bad. The assignement explore the ambiguity of caring for unaccompanied refugees due to social and cultural differences. While society has a responsibility to ensure the welfare and safety of refugees to provide them with a secure life in the host country, challenges may arise due to the loss of identity and belonging resulting from isolation from family and culture, which in turn can affect their physical and mental health. The assignement examines the mental health of unaccompanied minor refugees upon arrival in Norway. Separation from family members and traumatic experiences during flight can lead to depression, PTSD, and anxiety. The lack of support and care during and after flight can worsen mental health. However, some minor refugees adapt better than others, and integration into the community and mental support are necessary for a healthy adjustment.

# Innhaldsliste

|  |           |
|--|-----------|
| Abstract .....   | 1         |
| <b>1.0 Innleiing .....</b>   | <b>1</b>  |
| 1.1 Grunngjeving for val av tema .....                                   | 1         |
| 1.2 Relevans for sosialt arbeid.....                                     | 1         |
| 1.3 Avgrensing av tema og definisjon av problemstilling.....             | 2         |
| 1.4 Oppgåvas disposisjon .....   | 2         |
| <b>2.0 Metode.....</b>   | <b>3</b>  |
| 2.1 Grunngjeving av metodeval.....                                       | 3         |
| 2.2 Litteraturstudie.....  | 4         |
| 2.3 Kjeldekritikk og søk .....   | 4         |
| <b>3.0 Teori .....</b>   | <b>5</b>  |
| 3.1 Omgrepssavklaring:.....  | 5         |
| 3.2 Lovverk på området .....   | 5         |
| 3.3 Kven er dei Einslege mindreårige flyktningane? .....                 | 6         |
| 3.4 Teoretisk perspektiv .....   | 8         |
| 3.4.1 Psykisk helse og traume hjå Einslege mindreårige flyktningar ..... | 8         |
| 3.4.2 Resiliens hjå einslege mindreårige flyktningar.....                | 9         |
| <b>4.0 Presentasjon av kjelder.....</b>                                  | <b>10</b> |
| <b>5.0 Presentasjon av funn.....</b>                                     | <b>12</b> |
| 5.1 Presentasjon av funn frå kjelde 1 .....                              | 12        |
| 5.2 Presentasjon av funn frå kjelde 2 .....                              | 13        |
| 5.4 Presentasjon av funn frå kjelde 4 .....                              | 15        |
| <b>6.0 Diskusjon.....</b>  | <b>15</b> |
| 6.1 Tvetydigheita i omsorgsarbeid.....                                   | 15        |
| 6.2 Den psykiske helsa etter ankomst til Noreg.....                      | 17        |
| <b>7.0 Avslutning .....</b>  | <b>19</b> |
| <b>8.0 Referanseliste .....</b>  | <b>21</b> |

## **1.0 Innleiing**

Dei siste åra har det vert ei auking av flyktningar og asylsøkarar som følge av ulike kriser og traume. Felles for desse er at ingen har kunna følt seg trygg der dei kom frå. Dette har ført til at mange treng hjelp ved ankomst som er med å opna opp for problemstillinga mi. Det kan dreie seg om helseproblem som har kome etter flukten, både fysiske og psykiske skader (Varvin, 2018, s.19). Barn på flukt dreier seg som oftast om psykisk helse, der dei blir plassert innanfor eit problemområde med fokus på traumatiske opplevingar og barnas behov for å klare å sjå ein samanheng mellom det som skjedde før, under og etter flukten (Sjøbu, 2020, s.25).

## **1.1 Grunngjeving for val av tema**

Eg hadde mitt fyrste møte med flyktningar i arbeidssamanheng siste praksisperioden min. Her møtte eg ikkje på einslege mindreårige flyktningar, som gjer at eg ynskja å forske på tidlegare forsking om dei. Dei har alle same livssituasjon der dei er utan foreldras nærvær, og kjem til eit fremmande land med ukjent språk og kultur. Dei er prega av traumatiserte hendingar som har skjedd både i heimlandet, undervegs, og kjent på ei frykt av det som har kome i etterkant (Eide, 2020, s.30). I praksisperioden kjente eg at eg ynskja å møte eller vite meir om korleis dei einslege mindreårige flyktningane har det og korleis desse traumatiserande hendingane var med på å påverka livet deira og den psykiske helsa. Me har lært lite gjennom tre år på studiet sosialt arbeid om einslege mindreårige flyktningar og konsekvensar av flukt, men mykje om psykisk helse og konsekvensane av å leve i eit konfliktfylt land. Min forståelse kan vera med på å prega vinklinga av oppgåva og vera med på å tolke og sjå studiar annleis. Eg ynskjer med denne oppgåva å kunne utfordra mitt syn på flyktningar og få ein større forståing av kva som skjer med flyktningane undervegs på flykt og korleis deira psykiske helse vert påverka.

## **1.2 Relevans for sosialt arbeid**

Oppgåva og temaet er relevant for sosialt arbeid da den omhandlar einslege mindreårige flyktningars psykiske helse. Det er eit stort spekter i sosialarbeidarenes arbeidsoppgåver, der dei fleste jobbar innanfor det statlege eller det kommunale velferdssystemet. Ein kan arbeide innanfor helse og omsorgstenesta, skulen og innan flyktning og innvandringsforvaltninga.

Allereie i dag er det etablert fleire eigne team for å følge opp einslege mindreårige flyktingar. Dette har med at mange slit med etterverknadar etter flukt, krig og forfølgelse (Berg, et al., 2015, s.22). Difor er det viktig at sosialarbeidarane arbeider og har kunnskap om psykisk helse og flyktingar for at dei på best mogleg vis kan bidra til å gje dei ein betre kvardag i Noreg, samt vite korleis ein skal behandle dei.

### **1.3 Avgrensing av tema og definisjon av problemstilling**

Det er fleire forhold ved flyktingar som hadde vore interessant å studere. For eksempel vaksne flyktingar og korleis livet er etter ein flukt. I denne oppgåva ynskjer eg å rette meir søkelys hjå einslege mindreårige flyktingar, og deira psykiske helse. Eg ynskjer spesifikt å sjå på korleis den psykiske helsa blir påverka av flukt hjå barn i alderen 15 til 18 år.

Problemstillinga eg har kome fram til er difor;

*Korleis blir den psykiske helsa til einslege mindreårige flyktingar påverka  
av flukten til Noreg?*

Barn og ungdom mellom 15 og 18 år får eit tilbod om å bu på asylmottak der det er utlendingsdirektoratet som er ansvarlege for dei. (Integrerings- og mangfoldsdirektoratet, 2021). I denne oppgåva skal eg ta utgangspunktet i alderen 15 til 18 for å snevre inn oppgåva. I svaret på problemstillinga ynskjer eg å få fram korleis den psykiske helsa til dei einslege mindreårige flyktingane vert påverka under flukten og i ettertid når dei har kome til Noreg.

### **1.4 Oppgåvas disposisjon**

Denne oppgåva består av sju kapittel. Kapittel ein består av innleiing, grunngjeving av val av tema, relevans for sosialt arbeid, ei avgrensing med presentasjon av problemstilling og til slutt oppgåvas disposisjon. I kapittel to blir metoden presentert der eg kjem inn på grunngjevinga av metodeval, litteraturstudie og kjeldekritikk, søk og innhenting. I kapittel tre vert teoridelen presentert med omgrepssavklaring og lovverk på området, deretter går eg over på kven dei einslege mindreårige flyktingane er, og til slutt over på det teoretiske perspektivet. I det teoretiske perspektivet er det fokusert på psykiske helse og traume, samt resiliens. I kapittel fire kjem eg inn på presentasjon av kjelder, og ved ei overgang til kapittel fem kjem ein presentasjon av funn. Kapittel seks består av ein diskusjonsdel der eg skal belyse funna mine i

utgangspunkt i problemstillinga, og i forhold til teoriane som vert presentert i oppgåva. Siste kapittel og avslutningsvis skal eg koma med ein avslutning.

## **2.0 Metode**

Vilhelm Aubert har kome med ein kjent definisjon på metode som han formulerer slik: «En metode er en fremgangsmåte, et middel til å løse problema og komme frem til ny kunnskap. Et hvilket som helst middel som tjener dette formålet, hører med i arsenalet av metoder» (Aubert, 1985, sitert i Dalland, 2017, s.51). Ein vel metode ut frå kva som passer best og kva ein ynskjer ut frå problemstillinga si, deretter samlar ein inn data. Data i denne samanheng vil seie at ein samlar inn den informasjonen ein treng for å undersøke problemstillinga (Dalland, 2017, s.52).

I løpet av oppgåva skal eg presentere kjeldene eg har funnet, og deretter analysere og drøfte dei. Som Tranøy seier «å være vitskapeleg er å være metodisk (Tranøy, 1986, s.127, referert i Dalland, 2017,s.51). Ein treng ulike metodar for å få fram ny kunnskap og for å finne ut i kva grad påstandane er sanne, haldbare og gyldige. Det er difor viktig å bruke våre tankar og systematisere dei. Det å vera metodisk handlar om å bruka og overhalde intellektuelle standarar (Dalland, 2017, 51).

### **2.1 Grunngjeving av metodeval**

Undervegs ved avgrensinga av tema og formainga av problemstillinga, har eg reflektert over kva metode som kunne vera med å svare på problemstillinga best mogleg. Metoden eg valte å bruke var litteraturstudie, med bakgrunn i at det var dette eg synest passa best. Det hadde vert meir tidskrevande å skulle sette i gang med intervju eller andre typar datainnsamling. HVL sine retningslinjer gjer ikkje moglegheit til å intervju, då det hadde vert for krevjande å intervju einslege mindreårige flyktningar. Dette er i samsvar med retningslinjer på grunn av ein må skrive opplysningar der ein identifiserer ein fysisk person ved for eksempel rase, etnisk oppleving, religion, og der ein ikkje skal intervju spesielt sårbare grupper som kan gjelde dei einslege mindreårige flyktningane. Etter å ha leita etter litteratur og sett på kva som fantes av forsking frå før av, fant eg ut at litteraturen og forskinga ville kunne gje svar på problemstillinga godt nok. Valte i tillegg metoden på bakgrunn av avgrensing av ord og tid.

## **2.2 Litteraturstudie**

Ein litteraturstudie er å studere på det som allereie er forska på og det som andre forfattarar har undersøkt og skrivet om verkelegheita. Støren fortel at det ved dette ikkje vert skap ny kunnskap men heller nye erkjenningar (Støren, 2013, s.16-17). Litteraturstudie er ein måte å systematisere kunnskapen på. Det vil seie at du er gjennom ein prosess der du søker i databasar etter vitskaplege artiklar, også systematiserer du den (Støren, 2013, s.17). I følgje Støren er det å systematisere kunnskap å søke-, samle-, vurdere-og samanfatte den (2013, s.17).

Treff på söka mine gav meg gode idear om korleis eg kunne kome fram til relevant litteratur. Eg starta med å prøve å söke på norsk med «enslige mindreårige flyktninger» og fant ut at dei sökesidene eg brukte kravde engelsk sök for å finne treff. Deretter starta eg å söke på «Unaccompanied minor refugees». Eg fekk i tillegg god hjelp av undervisning på studiet ved HVL Sogndal til å finne ut kva databasar som kunne være relevant og for å finne ut om de var godkjente for å bruke i bacheloroppgåva.

## **2.3 Kjeldekritikk og sök**

Det finnes to ulike synspunkt ved kjeldekritikk. Den eine handlar om korleis eg fann fram til den litteraturen som på best mogleg måte kan være med på å belyse problemstillinga mi. Eg har tatt i bruk denne typen som går ut på kjeldesök og litteratursök. Den andre sida av kjeldekritikk omhandlar det å gjere greie for den litteraturen eg har anvendt i oppgåva (Dalland & Trygstad, 2017, s.152). Eg starta sökeprosessen ved å berre sökje på einslege mindreårige flyktningar for å få eit breiare perspektiv på artiklane eg kunne bruke. For nokre sökemetoder var dette nok for å finne gode artiklar som kunne brukast til problemstillinga, mens nokre plassar var eg nøydt til å snevre det endå meir inn ved å söke både på «enslige mindreårige flyktning AND psykisk helse». Dette gjorde at eg fant gode artiklar som lettare kunne knytast til den psykiske helsa til einslege mindreårige flyktningar. Under skal eg presentere korleis eg kom fram til de ulike kjeldene og kva måte eg brukte for å snevre inn söket mitt. I teoridelen nytta eg spesielt to gode bøker som eg fant via sök på Oria sine sider ved å söke på einslege mindreårige flyktningar, der fant eg «flyktningers psykiske helse» (2018) av Sverre Varvin og «Barn på flukt» (2020) av Ketil Eide(red). Desse synest eg dekkja godt det teoretiske perspektivet for å kunne bygge opp teori mot problemstillinga. «Barn på

flukt» (2020) tek spesielt utgangspunktet i det psykososiale arbeidet med dei einslege mindreårige flyktningane, mens «flyktningers psykiske helse» (2018) tek utgangspunkt i korleis traume kjem til uttrykk, og korleis ein samhandlar med flyktningane.

## 3.0 Teori

### 3.1 Omgrepssavklaring:

Asylsøkar: I rettighetene til FNs verdensærklæring for menneskerettigheiter artikkel 14 står det at: «*enhver har rett til i andre land å søke og ta imot beskyttelse mot forfølgelse*». Ein asylsøkar er ein person som har kome til eit annet land utan hjelp og søker om asyl anten ved eller kort tid etter ankomst. Asylsøkar er det ein kallar ein person fram til nokon har behandla saken deira (FN-sambandet, 2022).

Flyktning: FNs flyktningkonvensjon definerer ein flyktning som ein som har kryssa ei internasjonal landegrense og ein ikkje tør å returnere eller kan få beskyttelse i heimlandet (FN-sambandet, 2022). Felles for flyktningar er at sjølv om dei er forskjellige så føler dei seg ikkje trygge der dei kjem frå og har måttå forlate heimen sin som følge av krig, forfølging eller ulike typar overgrep (Varvin, 2018, s.19). Under omgrepet flyktning vel eg også nemna kva ein overføringsflyktning(Kvoteflyktning) er. Det vil sei at dei ender i eit tredje land, som betyr at flyktningane ikkje kan returnera til heimlandet sitt, men kan heller ikkje integrerast i landet dei har flykta til (Eide, 2020, s.32). Det er FNs høgkommissær for flyktningar (UNHCR) som fremmar søknadane for overføringsflyktningane, mens det er Utlendingsdirektoratet som vel kven som skal koma til Noreg (UDI, u.år).

Resiliens: Kan forklara som evna til å klara seg sjølv om ein har vore gjennom valdsame påkjenningar, og utviklinga er nær knyta til vilkåra ein flyktning møter eller blir tilbudd etter påkjenningane (Varvin, 2018, s.25). Sett i forhold til einslege mindreårige flyktningar kan ein sjå resiliens i samanheng med å kunne klare seg bra ut frå at ein har opplevd traumatiske hendingar og psykologiske belastningar.

### 3.2 Lovverk på området

Barn har eit lovfesta krav på beskyttelse og hjelp. Dei har meir omfattande helse og sosialrettigheter enn vaksne som er i same situasjon, som gjer at omsorga for barn vert dyrare

enn for vaksne. Når ein einsleg asylsøkar er under 18 år, så har han krav på heilt andre midlar og støtteordningar enn vaksne som er asylsøkarar (Sjøbu, 2020, s.23-24).

Det er nokre viktige prinsipp og lover i forhold til barn og deira rettigheiter. FN-s barnekonvensjon er den fyrste internasjonale menneskerettigheitskonvensjonen som gjeld barn og som gir dei en juridisk status. Barnekonvensjonen fastslår at alle menneske under 18 år er barn og derfor blir omfatta av barnekonvensjonen (Barnekonvensjonen, 2023). Det er spesielt fire prinsipp som er viktig å få med seg når det gjeld einslege mindreårige flyktninger. Ein viktig er artikkel 2 som omhandlar forbod mot diskriminering, dette kan dreie seg om at barnet ikkje får den nødvendige hjelpa dei skal ha rett på etter loven. Her står den største delen av einslege mindreårige flyktninger utan omsorgstilbod, og dette gjeld dei mellom 15-18 år (Stang, 2020, s.89).

Ei viktig lov som gjeld alle avgjersler og handlingar som gjeld barn er omsynet til barnets beste i grunnloven § 104 (Stang, 2020, s.86). Denne lova står også i barnekonvensjonen artikkel 3, nr.1. Her står det at barnet skal ha rett til å få vurdert og vektlagt sitt beste i alle avgjerdslar (Stang, 2020, s.89-90). Dei to siste av dei fire prinsippa går ut på retten til liv som er artikkel 6 og artikkel 12 som omhandlar retten til deltaking å bli høyrt (Stang, 2020, s.93). Ei siste lov som eg vel å ta med for å dekkja lovverket til flyktningbarn er artikkel 22 i barnekonvensjonen. Denne omhandlar særleg hjelp og beskyttelse til flyktningbarn. Den er med å sikra ein beskyttelse og rett til same omsorg som andre barn. Artikkel 22 får særleg betydning når det gjeld familie, helse, utdanning og omsorg. Dette vil seie at dei har rett til same helseteneste og skulegang som andre barn i Noreg. Dei skal også ha same krav til omsorgssituasjon som andre barn som ikkje bur saman med foreldra sine (Stang, 2020, s.95).

### **3.3 Kven er dei einslege mindreårige flyktningane?**

Einslege mindreårige flyktninger vert definert som barn og unge som er under 18 år der dei kjem som anten asylsøkar eller overføringsflyktning til eit land. Dei kjem utan foreldre eller andre med foreldreansvar (Eide, 2020, s.30). Etter barnet har kome fram til Noreg vert dei yngste barna, dei under 15 år, plassert på eit omsorgssenter der det statlege barnevernet, gjennom barne-, ungdoms- og familiedirektoratet(bufetat) får ansvaret for den daglege omsorga (Eide, 2020, s.32). Dei eldste mellom 15-18 år ender under omsorgsansvaret til utlendings-myndigheita ved utlendingsdirektoratet(UDI). Desse vert plassert i eit mottak som

ofte vert kalla EMA-mottak som står for mottak for einslege mindreårige asylsøkarar over 15 år. Dei kan også bli plassert i eigne avdelingar med vanlig asylmottak, her kan ein vera til ein eventuelt har fått innvilga opphold i Noreg, eller må tilbake til heimlandet eller ender i eit tredje land(Overføringsflyktning)(Eide, 2020, s.32).

Årsaka til flukt kan være mangt. Det kan dreie seg om indre faktorar som omhandlar den enkelte sin motivasjon til å få eit betre liv og flykte (Eide, 2020, s.37). Dei ytre faktorane kan dreie seg om krig, fattigdom, forfølging og at ein har blitt utsett for ulike typar overgrep (Varvin, 2018, s.19). Det kan også dreie seg om religion, rase og nasjonalitet (FN-sambandet, 2022). Departementet har peika ut nokre fellestrekks som gjeld dei einslege mindreårige flyktningane. Dette handlar om at dei er alle utan foreldra sine, som vil seie at dei står utan den daglege omsorga, rettleiinga og beskyttelsen dei har behov for. Dei er også komne til eit fremmande land, der tradisjonar, kultur og språk er fremmande. Siste fellestrekket handlar om at dei kjem frå eit samfunn der dei er vane med ein væpna konflikt eller anna type vald, som kan få konsekvensar på den psykiske helsa ved at dei kan lide av traumatiserande hendingar, overgrep, nød og sorg (Eide, 2020, s.30).

Tall frå UDI viser at mengda på søkerar som ynskjer beskyttelse har gått ned betrakteleg sidan 2015, men auka dei siste åra. I 2015 var det 5480 einslege mindreårige som blei motteke av Noreg. I 2021 var det ein stor nedgang frå 2015, ettersom UDI mottok 182 søknadar om beskyttelse, mens i 2022 var den opp i 649 søkerar igjen (Utlendingsdirektoratet, 2023). Det finnes grunner til at talla har gått betrakteleg ned sidan 2015, desse handlar om at det er mange mindreårige flyktningar som vert meldt forsvunne eller sakna i Europa. Ein veit ikkje om dei har komme til ein kommune eller ein familie utan at det er meldt ifrå eller om dei er blitt kidnappa eller nytta til slavearbeid (Varvin, 2018, s.9-10). I ein artikkel av Førde viser det til at omrent 100 000 barn er åleine på flukt i Europa til ei kvar tid (Fazel & Stein, UNICEF, sitert i Førde, 2017). Det er også vist at det er sjeldan barn åleine på flukt vert registrert i dei europeiske landa, som gjer det vanskeleg å ha eit eksakt tall på kor mange som kjem til Europa (Førde, 2017).

## **3.4 Teoretisk perspektiv**

I dette kapittelet blir det gjort greie for det teoretiske perspektivet som eg meiner er nødvendige utgangspunkt for å kunne analysere datamateriale, samtidig drøfte problemstillinga.

### **3.4.1 Psykisk helse og traume hjå einslege mindreårige flyktningar**

Dei einslege mindreårige flyktningane kan som alle andre stå overfor komplekse og samansette problem. Dette kan dreie seg om psykiske og somatiske sjukdommar. Flyktningar kan få dette som følge av tortur og andre typar overgrep, familieproblem, konflikt, vanskars med språk, arbeidslivet og generelle vanskars med å tilpasse seg det norske samfunnet (Varvin,2018,s.28). Det er vist at flyktningar har økt risiko for psykiske lidingar, og dei mest vanlege helseplagene er depresjon, angst og posttraumatisk stress syndrom (PTSD) (Eide, 2020, s.46). Dei einslege mindreårige flyktningane er difor avhengig av å få ein psykososial oppfølging på bakgrunn av traumatiserande hendingar både før, under og etter flukten (Eide, 2020, s.31).

PTSD er ein av dei mest vanlege reaksjonane på ei traumatiske krisa. Det blir ofte omtalt som ein forsinka reaksjon på det som har skjedd og kan dreie seg om ei påkjenning i etterkant av traume eller katastrofar. Menneskekroppen koplar på ein type forsvarsmekanisme der den prøvar å beskytte seg sjølv. Dette kan handle om dissosiasjonsfenomen, der ein prøver å unngå eller få seg vekk frå situasjonen. Det kan også kombinerast med søvnvanskars og flashbacks (gjenopplevingsreaksjon) der det kjennes som det skjer igjen (Snoec & Engedal, 2017, s.124)

Traume er ein liding nokre slit med over lengre tid. Det dreier seg om hendingar ein har opplevd som har sett sitt preg på flyktningane. Traumen kan handla om ein truande situasjon ein har kome borti eller at ein har vert vitne til noko traumatiske som at nokre nær seg har døydd. Nokre slit med minner eller drøymer om traumene over lengre tid, mens for andre går dette over etter ein stund. Denne type traume kan gjera at ein slit med tilknyting og relasjon til andre rundt seg. Når tilliten er svekka allereie før eit samarbeid har starta er det vanskeleg å koma i kontakt og skape tillit til ein som ynskjer å hjelpe. Difor er det viktig at hjelparen veit korleis ein kan hjelpe dei på best mogleg måte, samtidig vera med å skape tillit og vera

oppmerksam på kor mykje ei hending belastar ein flyktning (RVTS, Flyktning.net, u.år).

Den psykososiale oppfølginga er viktig og at dei som arbeidet med flyktningane er situasjonsbevisste, kulturbewisste og traumebevisste. Dette har med at flyktningane møter utfordringar som kan være med på å endre livssituasjonen deira. I tillegg skal dei klare å møte ein ny kultur samtidig som dei skal takle traumar frå både før og under flukten (RVTS, Flyktning.net, u.år). Forsking har vist at det er mange som opplever traumatiserande hendingar men som ikkje utviklar former for symptombelastning. Dei får dermed mildare plagar og symptom som blir betre med tida (Varvin, 2018, s.113). Det er med dette viktig å arbeide mot ein trygg tillit med dei einslege mindreårige flyktningane ettersom arbeidet med den psykiske helsa tar tid på grunn av traumatiserande forhold før, under og etter flukten (Eide, 2020, s.66).

### 3.4.2 Resiliens hjå einslege mindreårige flyktningar

Ravi Kohli (2007) peiker på tre viktige omsyn som er sentrale i det psykososiale arbeidet med einslege mindreårige flyktnings barn. Ein sentral del er å ta i bruk den sosiale konteksten i mottaksarbeidet. For det andre må det fokuserast på den mindreårige sin livssituasjon, oppvekst og til slutt må ein rette eit blikk mot hjelparane og deira praksis (Eide, 2020, s.40). Ein sentral teori når det gjelder årsaka til flukt er push-pull teorien. Denne teorien handlar om kva som kan vera årsaka til at folk flyktar og kva som gjere at dei ynskjer å bu i heimlandet sitt. Push faktorane handlar om det som fører til flukt. Dette kan dreie seg om aukande befolkningstettheit, därlege levekår, mangel på økonomisk utvikling og politisk undertrykking. Når det gjeld pull faktorane så handlar det om kva som gjer at folk vil bu i heimlandet sitt. Dette kan dreie seg om moglegheit for arbeid, tilgang til eigedom, politisk fridom, og økonomiske vilkår som er gode (Eide, 2020, s.37-38). Det finnes tre forskjellige forhold for utviklinga av resiliens som er å ha tru på at ein kan influera på sine omgivnadar, evna til å forholda seg til eigne tankar og kjensler og evna til å laga omsorgsfulle relasjonar til andre (Varvin, 2018, s.99).

Resiliens vert definert som ein relativt motstandskraft til å takla miljøskapte risiko- opplevingar, å komma seg etter stressfylte og valdsamme opplevingar, samt å visa et relativt godt utkomme til tross for risikoerfaringar. Det vert sett på tre forskjellige dimensjonar og eigenskapar ved utviklinga av resiliens. Den eine er individuelle faktorar som kva erfaringar

og eigenskapar barnet har. Den neste er relasjonelle faktorar, som omhandlar kvaliteten på nære relasjonar og samhandling over tid. Siste dimensjonen omhandlar karakteristiske trekk ved det sosiale miljøet (Førde, 2017).

I ein norsk studie viser einslege mindreårige flyktningane å ha opplevd i gjennomsnitt 12 av 21 moglege traumatiske hendingar (Solhaug m.fl. submitted). 74% viser at dei har vore utsett for ei traumatiske hending gjennom væpna kamp, 85% har blitt utsett for fysisk skade, 65% har blitt skilt frå familien sin mot sin vilje og 89% kjente på ein redsel under flukten til Noreg og var livredde mange gongar. Likevel til tross for at mange ungdommar slit med psykiske plager, er det mange som likevel opplev god livskvalitet på same nivå som med andre ungdommar både med og utan innvandrarbakgrunn (Oppedal m.fl. u.år.).

## **4.0 Presentasjon av kjelder**

### **Kjelde 1; Hjem eller institusjon?: Om tvetydigheten i omsorgsarbeid med enslige mindreårige flyktninger bosatt i kommune**

Det fyrste søket eg utførte var i databasen Oria/BIBSYS. For å ta utgangspunktet i problemstillinga mi ynskjer eg å finne litteratur som omhandla einslege mindreårige flyktningar. Eg starta difor å söke på «enslige mindreårige flyktninger». For å få fram best mogleg treff og kvalitetssikre så brukte eg kriteriar for at de måtte være fagfellevurderte tidsskrifter. Her fekk eg opp 17 treff, der eg leste gjennom overskrifter og samandrag av mesteparten. Ein artikkkel som vekkja interesse hjå meg var ein artikkkel som heiter «hjem eller institusjon?: om tvetydigheten i omsorgsarbeid med enslige mindreårige flyktninger bosatt i kommunene»» av Eide, Kjelsaas og Larsgaard frå 2017. Denne artikkelen er publisert på Iduun, ved Tidsskrift for Velferdsforskning(2017:4). Etter å ha sett nærmare på innleiring, samandrag og deler av teksten så merka eg meg at dette handlar om profesjonsutøvarar som reflektere over arbeid på omsorgsboliger som eit dilemma. Eg synest det virka interessesant å få med meg ei side med opplevelingar og kva denne artikkelen kom fram til når det gjaldt heim i forhold til institusjon for flyktningar i alderen 15-18 år.

### **Kjelde 2; Ein artikkkel som forklarar om den psykiske helsa hjå einslege mindreårige flyktningar**

Eg nytta også andre søkemotorer då eg ynskja å få innblikk i andre forskningsartiklar enn dei som var på Oria/BIBSYS. Under eit søk på academic search elite nytta eg søkeordet

«Unaccompanied minor refugees AND mental health». Dette søket gav 85 treff, der eg såg gjennom mesteparten, men fant ein artikkel som virka interessant om den psykiske helsa til unge mindreårige flyktningar i Europa. Artikkelen heiter «mental health of unaccompanied refugee minors in Europe: A systematic review. Den vart publisert i 2022 og er av nyare forskning og dato. Artikkelen er skriven av Andrea Daniel-Calveras, Nuria Baldaqui og Immaculada Baeza. Den er utgitt av Oxford: Elsevier Science Ltd. Artikkelen tar hovud utgangspunkt i barnemishandling og omsorgssvikt som er noko av det som både kan vera grunnen til at einslege mindreårige vel å flykta eller at dei psykiske problema vert utvikla. Med tanke på at artikkelen gjeld for Europa, fant eg ut at den var relevant på grunn av ein studie gjort i artikkelen. Dei tar for seg at det er høg førekommst av psykiske lidingar og i ein undersøking om Noreg kjem det fram psykiske lidingar ved ankomst til Noreg. På grunnlag av dette såg eg at denne var relevant i min bacheloroppgåve for å svara på problemstillinga.

### **Kjelde 3; Ein artikkel om eit internasjonalt perspektiv om flyktningbarn som kjem til Noreg**

I søkerprosessen brukte eg også søkermetoden socINDEX der eg brukte søkerorda «Unaccompanied minors AND Norway OR Norwegian. I dette søkeret fekk eg opp 14 treff, og der eit av treffa virka interessant for å få inn eit internasjonalt perspektiv som heiter: «intergenerational perspectives on refugee children and youth´s adaptation to life in Norway». Artikkelen er skrivet av Daniel Marguerite, Fungisai Gwanzura Ottermoller, Masego Katisi, Ragnhild Hollekom og Zebib Zemichael Tesfazghi. Den er utgitt av Hoboken: Wiley Subscription Services, Inc. Og er ein fagfellevurdert tidsskrift frå 2020. Her prøvde eg fleire ulike søkermetoder før dette gav riktig treff som passa til bacheloren min og er med på å svare på problemstillinga. Denne artikkelen såg eg på som relevant for å få eit meir internasjonalt perspektiv på dei mindreårige flyktningane sin oppleveling av å komme til Noreg.

### **Kjelde 4; Ein artikkel om resiliens og akkulturasjon hos einslege mindreårige flyktningar**

I søkerprosessen brukte eg søkerprosessen Academic Search Elite som søkermetode. Der brukte eg orda «Unaccompanied minors refugees AND Resilience». I dette søkeret kom det opp 18 treff, og eit av treffa fanga interessen min. Den heiter «Resilience and acculturation among unaccompanied refugee minors». Artikkelen er frå 2018 og skrivet av Serap Keles, Oddgeir Friberg, Thormod Idsøe, Selcuk Sirin og Brit Oppedal. Utgivaren er London, England: SAGE

Publications. Den er også ein fagfellesvurdert artikkel. Denne artikkelen fant eg ganske seint i søkeprosessen min, ettersom dette var noko eg bestemte meg litt seint å skrive om i teoretiske perspektiv og difor valte eg å bytte ut ein av artiklane mine med noko om resiliens då eg synest det er relevant og få med dette.

## 5.0 Presentasjon av funn

*Korleis blir den psykiske helsa til einslege mindreårige flyktningar påverka av flukten til Noreg?*. Dette skal eg prøve å belysa via funn frå min analyse av datamateriale, som består av fire kjelder. Den første kjelda er den fagfellevurderte artikkelen til Eide et al.: *I hjem eller institusjon?: Om tvetydigheten i omsorgsarbeid med enslige mindreårige flyktninger bosatt i kommune*(2017). Vidare følger ein artikkel av Daniel-Calveras et al.; *Mental health of unaccompanied refugee minors in Europe: A systematic review*(2022). Den tredje kilda er skrivet av Daniel Marguerite et al.; *International perspectives on refugee children and youth's adaptation to life in Norway*(2020). Til slutt presentera Keles et al. med *Resilience and acculturation among unaccompanied refugee minors*(2018)

### 5.1 Presentasjon av funn frå kjelde 1

*I hjem eller institusjon?: Om tvetydigheten i omsorgsarbeid med enslige mindreårige flyktningar bosatt i kommune* (2017) undersøker Eide et al. korleis profesjonsutøvarane reflekterer over arbeidet i omsorgsboligane som eit dilemma mellom om det skal vera ein heim for ungdommane eller ein institusjon. Eide et al.(2017) påpeikar at dei einslege mindreårige flyktningane er spesielt sårbare og at mange strever med PTSD og søvnproblem. Dette er også ei gruppe som krev ekstra god oppfølging og omsorg. Det er med dette opp til kvar enkelt kommune korleis dei vel å organisere busettingsarbeidet og kva type tiltak dei tilbyr.

For å undersøke dette brukte forskarane kvalitativ metode med semistrukturerte intervju som innsamlingsmetode. Datamaterialet består av 25 intervju og til sammen 36 informantar. Av desse er 17 miljørarbeidarar som arbeider på boliger der ungdommane bur til dei er mellom 18 og 20 år, i tillegg til nokre som jobbar ved ettervern, ni tilsette ved barnevernstenestene, fire leiarar av busetting arbeidet og nokre helsejukepleiarar eller andre representantar ved NAV eller flyktnings kontor. Forskarane nytter dette for å få ein open og fleksibel måte om dei som vert intervjua sine erfaringar i arbeidet med einslege mindreårige i busettingsfasen.

Funn i undersøkinga viser at det er eit dilemma mellom om det skal vera ein heim eller ein institusjon. Dette var fordi «heim» blei knyta til det å ikkje behandle, akkurat som det var det same dei gjorde heima hos seg sjølv. Medan dersom det vart sett på som ein institusjon blei det meir sett på som metodisk planlegging, miljøterapeutiske grep og at dei mindreårige ikkje blei så avhengige av deg. Det er difor eit dilemma der nokre meiner det bør vera ein heim samtidig som det blir gjort metodisk arbeid, og der andre meiner sidan dei mindreårige må flytte ut på eit tidspunkt så er ikkje det ein heim i følge nokre tilsette.

Christe, Döhle og Eide(2011) påpeikar at dei einslege mindreårige må bli behandla som alle andre barn i Noreg, samtidig som dei er ei utsett og sårbar gruppe med spesielle behov. Forskarane problematiserer eit problem der det handlar om å forholda seg til grensene mellom det private og det offentlege i profesjonsutøvinga. Steckley og Smith(2011) har beskrive i sin studie at omsorgsutøvinga er kompleks og krev ein balanse mellom den offentlege og private dimensjonen. Eide et al. hevder at det oppstår eit dilemma der ein legg meir vekt på barnas etniske og kulturelle bakgrunn framfor at de heller vil vera barn og unge som andre. Studien viser at det er eit arbeid med uklare formål, der dei som vert intervjuet ser på eit spenn mellom å sjå på det som ein heim eller ein institusjon, og leiter etter tydelege formål med arbeidet (Eide et al., 2017, s.328)

## 5.2 Presentasjon av funn frå kjelde 2

Den andre artikkelen eg skal presentere handlar om den psykiske helsa til einslege mindreårige flyktningar i Europa. Hensikten med studiet går ut på at dei gjekk systematisk gjennom rapportane gjennom eit systematisk litteratursøk som omhandla førekomensten av psykiske lidinger hjå einslege mindreårige barn og ungdom i Europa. Det andre målet med artikkelen var å forklare risikofaktorane som vart funnet i dei systematiske oversiktane. I litteratursøket deira vart det nytta følgande søkeord: «Asylum seek OR flyktning AND unaccompanied AND mental health OR mental disorder OR psychopathology AND minor OR children OR adolescent OR child AND Europe». Dette søket blei gjennomført i to trinn. Av 140 artiklar så var det 23 artiklar som oppfylte kriteria dei hadde.

Funna viste til at det var høg førekomenst av psykiske lidinger bland einslege mindreårige flyktningar. I ein undersøking av flyktningane ved ankomst til Noreg over de 5 følgande åra der dei har evaluert 95 EMF ved ankomst til Noreg, var det ein prosentdel på 63,2% som kjente på PTSD 6 månader etter ankomst. Etter 2 år låg denne prosentdelen på 56,6 % som er

fortsatt høg og 5 år etter ankomst låg den på 41,9 prosent. Ved same studie i Noreg viste det seg at 21,3% sleit med depresjon berre 6 månader etter ankomst, mens 32,6% sleit med angstlidingar. Ved ein oppfølging av desse 5 åra etter ankomst rapporterte barna at 2,7% hadde opplevd nye traume etter ankomst til Noreg. I ein annan studie viste det seg også at 56% av dei sjølvrapporterte mindreårige, faktisk ikkje var mindreårige likevel.

Daniel-Calveras et al.(2022) viser til tre studiar der dei har forska på alderen ved migrasjonstidspunktet. Dette viser at det er ein høgare belastning av psykiske lidingar hjå dei eldre mindreårige flyktningane. I tillegg viser funna at ved den 5 årig oppfølgingsstudien at dess høgare alder ein hadde ved migrasjonen dess mindre endring var det på symptoma på depresjon og PTSD over tid (Anewald, et al., 2020, sitert i Daniel-Calveras et al., 2022). Funna i artikkelen viser også at sosial støtte og plasseringa i befolkninga spelar ei viktig rolle for å få ei god psykisk helse. Studien understrekar at dei einslege mindreårige som hadde ein mangel på familiekontakt mottek mindre støtte samanlikna med dei einslege som er saman med familien(Sierau, refert i Daniel-Calveras et al., 2022).

### **5.3 Presentasjon av funn frå kjelde 3**

Artikkelen om det internasjonale perspektivet hjå barn og unge flyktningar som kjem til eit nytt liv i Noreg tar for seg eit sosialt navigasjonsteoretisk rammeverk. Dei tar utgangspunkt i kvalitative data som er henta frå fokusgruppediskusjonar med eritreiske og afghanske einslege mindreårige, unge vaksne og foreldre. Her kom de fram til at ein kvalitativ tilnærming, utforske prosessen, innsikt og meiningar var den beste måten å utforska generasjonars perspektiv på flyktningbarn og på deira tilpassing til livet i Noreg. Deltakarane av prosjektet bestod av tre grupper busette flyktningar frå Eritrea og Afghanistan der 13 var i alderen 16-18 år, åtte unge vaksne og ni foreldre som hadde tatt med barn og hadde opplevd det i heimlandet og i vertslandet.

Funna viste til at deltakarane i studiet fant det vanskeleg å kunne navigere det sosiale landskapet og få norske venner. Det viser seg i artikkelen at det er viktig å fokusera på korleis flyktningane beveger seg gjennom samfunnet og interaktiviteten mellom generasjonane, dette er for å betre forstå utfordringane som flyktningane møter når dei skal tilpasse seg eit nytt liv i ein ny kontekst. I tillegg vises det også til at de mindreårige flyktningane lærer både språk og kultur fortare enn det vaksne gjer. Dei mindreårige flyktningane såg også at dess lengre dei budde i Norge, dess meir erfaring fekk dei og kva moglegheiter som fantes her.

## **5.4 Presentasjon av funn frå kjelde 4**

I «resilience and acculturation among unaccompanied refugee minors” undersøker Keles et al. (2018) det å forstå forskjellar mellom einslege flyktingar som er motstandsdyktige eller dei som opprettholdt eller utvikla dårleg mental helse. Denne undersøkinga ser på faktorar på korleis det er å tilpasse seg ein ny kultur og korleis dette kan ha påverking på den psykiske helsa. Artikkelen presenterer tre bølger av datainnsamling der det er 918 einslege flyktingar som hadde fått asyl og opphaldsstatus i Noreg. Det viser at einslege mindreårige står i fare for psykiske helseproblem allereie ved separasjonen frå eller tapet av foreldre eller andre familiemedlem. Dei kan lida av høge nivå av depresjon, og symptom på PTSD ved ankomst til Noreg.

Funna som blei presenterte delte dei inn i fire klynger som blei delt inn i spenstige, sårbare, kliniske og friske. Desse funna gav bevis på at nivået av traumatiske hendingar før migrasjonen, problem med akkulturasjon etter migrasjon og kulturarvskompetanse, i tillegg til kjønn. Dei skilte også flyktingane mellom motstandsdyktige, sårbare, kliniske og sunne. Resultata viste at det var rundt 60% av dei einslege flyktnings ungdommane som kunne definerast som friske eller motstandsdyktige. Det vises også at ein av fire blir påverka av traumer over tid av dei einslege mindreårige flyktingane. Denne studien er med å belyse viktigheita ved å ta hensyn til flyktingane når ein planleggar retningslinjer og praksisar som kan vera med å støtte dei einslege mindreårige flyktingane til ei sunn tilpassing i samfunnet. Om den går mot ei positiv eller negativ utvikling, har noko å seie for korleis den einslege flyktingens resiliens er.

## **6.0 Diskusjon**

Hensikten med dette kapittelet er å gjere greie for korleis resultata av studiane kan gje eit svar på problemstillinga: *Korleis blir den psykiske helsa til einslege mindreårige flyktingar påverka av flukten til Noreg?*. Dette skal besvarast i samsvar med teorien som blei presentert tidlegare i oppgåva samt resultata i studiane.

### **6.1 Tvetydigheita i omsorgsarbeid**

Omsorgsarbeid for einslege mindreårige flyktingar kan vera tvetydig på grunnlag av dei

sosiale og kulturelle forskjellane. Dette kan komme til uttrykk i fleire kulturar ved at det vanleg å gje omsorg på anna vis enn det helsepersonellet er vane med. På den eine sida har samfunnet eit ansvar for å ivareta flyktingane si velferd og sikkerheit, som skal være med på å sikre ein trygg tilvære i heimlandet sitt. På den andre sida kan arbeidet vera prega av utfordringar som er knytt til svekka tilhøyring og identitetstap når dei blir isolert frå familien sin og kultur, dette kan igjen være med på å påverka deira fysiske og psykiske helse. Einslege mindreårige flyktingar har rett til beskyttelse og bli tatt vare på, men det kan vera utfordrande å alltid leggja opp til ein trygg tilvære. Ein utfordring er at i omsorgsarbeidet ynskjer ein gje beskyttelse og tryggheit med omsyn til den mindreårige autonomi og deira rett til sjølvråde.

Dette kan ein sjå ved å ivareta deira juridiske rettigheter og behov ved utdanning og seinare arbeid. Det er difor viktig at omsorgsarbeidet klarer å ta omsyn til tvetydigheita og at det vert lagt til rette for ein heilheitleg innsats som klarar å ta omsyn til både dei individuelle og kulturelle behova flyktingane har. Myndigheita må ta omsyn til den psykiske helsa til einslege mindreårige flyktingane, og der dei får dei tenestene og støtta dei treng for å takle utfordringane og det dei møter på best mogleg måte. Stang og Ager(2010) viser til at det ikkje berre er viktig for dei einslege mindreårige flyktingane å tilpassa seg vertslandets system, men at systemet også må ta omsyn til nyankomne og tilpasse seg dei (Daniel Marguerite et al., 2020).

Det kjem fram i mine funn eit dilemma som Eide et al. (2017) presiserer at det vert lagt meir vekt på barnas etniske og kulturelle bakgrunn framfor det å vera eit barn og unge som andre i Noreg. På den eine sida må ein prøve å behandle dei einslege mindreårige flyktingane som andre barn i Noreg, mens på den andre sida er dei ei utsett og sårbar gruppe med spesielle behov som må bli fokusert på samtidig. Omsorgsutøvinga vert uttrykt for eit komplekst system som vil få til ei balanse mellom det offentlege og det private, som vil seie at ein må leite etter tydelege formål ved arbeidet sjølv om det har oppstått eit spenn mellom det å kunne kalla heimen til dei einslege mindreårige flyktingane ein heim eller institusjon. Dette er i tråd med eit anna funn som kjem fram i Daniel-Calveras et al.,(2022) der det vises til at sosial støtte og plassering i befolkninga spelar ei viktig rolle for den einslege mindreårige flyktingen på korleis den psykiske helsa vert utvikla. Det er viktig å kunne sjå på tidlegare utfordringar og kva som trengst av støtte hjå den enkelte flyktning, og ikkje ha eit heilhetlig syn på at alle har same behov for støtte. Einslege flyktingane treng ulik type støtte etter flukten. Mangel på familiekontakt var ein av innverknadane på den psykiske helsa til

flyktningane på flukt, då dei mottek mindre støtte enn dei som var med familien sin. Det er viktig å klare å ha eit kultursensitivt perspektiv der ein er open for å læra og forstå kvar enkelt flyktning sin bakgrunn for å gje best mogleg omsorg. Det er i samsvar med mine funn der det kjem fram at det viktig å fokusera på korleis den einsleg mindreårige flyktningen beveger seg gjennom det nye samfunnet for å få ei betre forståing i utfordringane som dei eventuelt møter i Norge, i tillegg til kva utfordringar som forårsake dei psykiske problem (Daniel Marguerite et al., 2020).

Ei god inkluderande støtte frå offentlege organisasjonar og ei tilrettelegging for kulturelle praksisar og passe på at dei får eit sosialt nettverk kan være med på å bidra til tilhøyrslle og deltaking i samfunnet dei har kome til. Ein usikkerheit om å høre til og det å vente på opphaldsløyve kan være ein stor belastning ved ankomst til Noreg. Dette kan være med på å forårsake at ein del opplever traume etter ei stund i Noreg då det kan vera utfordrande å finne roen i eit nytt land. Både manglande kompetanse hjå helsepersonell, samt utilstrekkelege tilbod for dei kan vera ein årsak til at problema eskalerer over tid. Det er ei viktig oppgåve for omsorgspersonar og myndigheita å gje flyktningane den hjelpe dei treng for å koma seg på beina igjen etter at dei har vert gjennom både traumatiske og sårbare opplevingar. På den andre sida må ein også passe på å ikkje gje for mykje omsorg og ta kontroll ettersom dei mindreårige også har eit ønske om å skapa sin eigen framtid og bli ein del av det norske samfunnet. Omsorgsarbeidet er ein viktig fase når flyktningane kjem til Noreg ettersom dei treng god omsorg, støtte og hjelp til å komme seg gjennom traume og sårbare situasjoner, men ein må også hugse på å klare å støtte opp mot å oppdra ein sjølvstendig unge samt gje beskyttelse ettersom denne personen kjem til å nå myndigheitsalder og skal klare seg sjølv.

## 6.2 Den psykiske helsa etter ankomst til Noreg

Keles et al. (2018) har sett på at dei einslege mindreårige flyktningane kan kjenne på psykiske helseproblem allereie ved separasjonen eller tapet frå familiemedlemer. Dette kan vera med å utvikla høge nivå av depresjon, og symptoma på PTSD ved ankomst til Noreg. Ein kan sjå at rundt 60% av dei einslege flyktningane kunne defineraast som friske eller motstandsdyktige ved ankomst, men at desse på den andre sida byrja å kjenna på traume over tid i Noreg. Ei sunn tilpassing er difor viktig i det nye heimlandet. Dette er for at traume som vert utvikla over tid ikkje skal eskalere ved ei ikkje god tilpassing i nye landet. Dette er også viktig å sjå i forhold til retningslinjer som kan vera med å hjelpe mot ei sunn tilpassing. Om utviklinga i

nye landet går mot positiv eller negativ har noko å seie for korleis resiliensen til den einslege mindreårige flyktningen er. I mine funn vert det belyst at ei sunn tilpassing er viktig blant dei einslege mindreårige flyktningane i forhold til planlegging av retningslinjer og praksistar (Keles et al., 2018). I følge Daniel Marguerite (2020) er det viktig med ei god sunn tilpassing. Dette er for at dei fleste skal verta definert som sunne og motstandsdyktige og ikkje sårbare og kliniske. Dette hadde med dei traumatiske hendingane før ein migrerte, og akkulturasjonsproblem etter migrasjon og kjønn.

For mange av dei einslege mindreårige flyktningane er det flukten til Noreg som har stor innverknad på deira psykiske helse. Dette kan dreie seg om traumatiske opplevingar på flukten som har ført til alvorlege traume. Manglande støtte og omsorg både under og etter flukten kan på den andre sida bidra til ei forverring av den psykiske helsa. Ulike stressande situasjoner kan være med å utløyse utviklinga av psykiske lidingar og stressnivået til den enkelte flyktning. Desse kan dreie seg om ei fare for livet sitt, frykta for å bli fanga, truslar, og som nemnt tap av familie, venner og manglande støtte og hjelp. Det er viktig å spesifisere at alle må bli vurdert individuelt og at det er nokre som taklar traume og opplevingar betre enn andre.

Distansen frå familien, vene og å kome til ein ukjent kultur vil vera med på å forverre den psykiske helsa. Dette er i tråd med mine funn ved Keles et al. (2018) ved at dei einslege mindreårige flyktningane allereie ved separasjon frå familien og vene står i fare for utvikling av psykiske problem. Det er nokre einslege flyktningar som ikkje vert sterkt påverka av flukten og har ei relativ god psykisk helse ved ankomst til Noreg, men funna viser til at ein av fire vert påverka av traume over tid. Difor er det mange flyktningar som har ein høg førekommst av psykiske lidingar ettersom dei aller fleste vert påverka av det ein gong i livet anten om det er før, under eller etter flukten til Noreg(Daniel-Calveras et al., 2022).

Tiltak som vert laga for å få dei einslege mindreårige flyktningane til å føle seg inkludert i samfunn er viktig. Dette er med å bidra til deltaking i aktivitetar, og føle på ein tilhøyrslse som kan bidra til ei redusering på den därlege psykiske helsa. På den andre sida kan det hjelpe den enkelte flyktning ved å sjå ei god framtid i Noreg. Tiltaka kan dreie seg om å koma seg tidleg inn i barnehage, skule og fritidsaktivitetar (Integrerings og mangfoldsdirektoratet, s.33-40, 2022). Dette kan bidra til ei mental støtte som sikrar at flyktningen lykkast. Ei inkludering i samfunnet er ein av dei viktigast komponentane for å lykkast. Dei er avhengig av hjelp med å klare å handtere eventuelle traume og sorg. Ein hovudfaktor som kan være med å påverka den

psykiske helsa er integreringsprosessen og oppfølgingsinstitusjonar i Noreg. Integrering i eit nytt samfunn kan føle overveldande og vanskeleg. Det kan kjennast tøft å bygge nye relasjonar og sosiale nettverk i eit heilt nytt samfunn. For å sjå dette i tråd med mine funn så kan det kjennast vanskelegare for nokre enn andre. Dei mindreårige flyktingane lærer språk og kultur lettare enn det vaksne gjer. I tillegg er dei betre på å sjå kva moglegheiter som finnes i det nye landet, samt klarer å tilegne seg erfaring (Daniel Marguerite et al., 2020).

Det er viktig å presisera at dei einslege mindreårige flyktingane opplev flukten som stressande og traumatiske som kan føre til ei negativ påverking på den psykiske helsa. Dette kan medføre at dei opplev symptoma på både PTSD, depresjon og angst og som kan vera med å påverka deira moglegheit til å tilpasse seg eit liv i Noreg, samt handtere dei ulike krava som følg med. For å sjå dette i ein heilheit saman med funna mine er det svært mange som vert plaga med psykiske lidingar, og difor er det endå viktigare at den einslege flyktningen vert møtt og får den støtta og omsorga dei treng for å styrka deira mentale helse, men samtidig gje ein moglegheit til å få ei god integrering. Dei fleste einslege mindreårige flyktingane har på flukten utvikla ein viss grad av resiliens, der dei finn evner til å takle og koma seg gjennom utfordringar på vegen til Norge. Dette kan ha med deira evne til å tilpassa seg vanskelege og nye situasjoner, deira motstandskraft og styrke til å overleva, og utviklinga av sosial støtte og ei indre tru på at dei klarar å kome seg gjennom vanskelege tider. Difor er det viktig med god tilrettelegging og støtte for å klara å styrkja og oppretthalde resiliensen samt å hjelpa dei gjennom utfordringar som kan møte dei (Keles et al., 2018).

## 7.0 Avslutning

I denne oppgåva har eg hatt eit særleg fokus på dei einslege mindreårige flyktingane sin psykiske helse og korleis denne vert påverka av flukten til Noreg. For å svare på dette har eg brukt problemstillinga: *korleis den psykiske helsa til einslege mindreårige flyktingar vert påverka av flukten til Noreg*. For å summere kan flukten ha alvorlege konsekvensar for dei einslege mindreårige flyktingane si psykiske helse. Traumatiske opplevelingar frå heimlandet eller under flukten til Noreg er med på å skape utfordringar for den nye kvardagen. Ein kan sjå på desse flyktingane som resiliente ettersom dei har lært seg på flukten både overlevelses-metodar og korleis klare seg best mogleg ut frå situasjonen som er no. Overgangen til eit nytt land, men både annan kultur og språk, kan være ein ekstra byrde for flyktingane da dette skaper utfordringar. Oppgåva avdekker også at manglande støtte og omsorg frå familie kan være med på å skapa utfordringane og utviklinga av psykiske problem

ettersom dei kan kjenne på einsomheit og isolasjon, som kan gjer dei meir sårbare for dei spesielt nemnte psykiske lidingane PTSD, angst og depresjon.

Ut frå mine funn har eg kome fram til at det er mange av dei einslege mindreårige flyktningane som slit både under og etter flukten til Noreg. Det viser seg at ein av fire opplev traume i etterkant etter ankomst til Noreg og at det er stor prosentdel som slit med både PTSD, angst og depresjon ved ankomst. Resiliens har blitt utvikla på vegen og vore med på å finn evnar til å takla flukten til Noreg samt dei utfordringane dei møter på. Det viser gjennom studiane og teorien at den psykiske helsa til einslege mindreårige flyktningar kan være svært prega av flukten til Noreg, men at det også er nokre som får traume seinare. Dette er viktig å følgje opp ved ankomst til Noreg og klarar å anerkjenne opplevingane og utfordringane dei einslege har møtt, og klara å gje dei ein passande omsorg og støtte som kan hjelpe dei på vegen mot ei god framtid.

## 8.0 Referanseliste

- Berg B., Ellingsen, I. T., Levin I., Kleppe, L. C. (2015). Hva er sosialt arbeid?. I Ellingsen, I. T., Levin, I., Berg B. & Kleppe, L. C. (red.) Sosialt arbeid: En grunnbok. Universitetsforlaget.
- Dalland, O. (2017). *Metode og oppgaveskriving* (6. utg.). Oslo: Gyldendal akademisk.
- Daniel, M., Ottemöller, F. G., Katisi, M., Hollekim, R., & Tesfazghi, Z. Z. (2020). Intergenerational perspectives on refugee children and youth's adaptation to life in Norway. *Population Space and Place*, 26(6), n/a–n/a. <https://doi.org/10.1002/psp.2321>
- Daniel-Calveras, A., Baldaquí, N., & Baeza, I. (2022). Mental health of unaccompanied refugee minors in Europe: A systematic review. *Child Abuse & Neglect*, 133, 105865–105865. <https://doi.org/10.1016/j.chab.2022.105865>
- Eide, K. (2020). Barn av norsk innvandringshistorie. I Eide, K. (red.). *Barn på flukt : psykososialt arbeid med enslige mindreårige flyktninger* (2. utgave.). Gyldendal
- Eide, K., Kjelaas, I., & Larsgaard, A. K. (2017). Hjem eller institusjon? *Tidsskrift for velferdsforskning*, 20(4), 317–331. <https://doi.org/10.18261/issn.2464-3076-2017-04-05>
- Eide, K. (2020). Hvem er de enslige mindreprige flyktningene: En kunnskapsoversikt. I Eide, K. (Red.). *Barn på flukt : psykososialt arbeid med enslige mindreårige flyktninger* (2. utgave.). Gyldendal.
- FN-sambandet. (2022, 17.Juni). *Mennesker på flukt*. Hentet frå <https://www.fn.no/tema/flyktninger/mennesker-paa-flukt>
- Førde, S. (2017). *Det tar en landsby å oppdra et barn*. Hentet frå <https://www.idunn.no/doi/epdf/10.18261/issn.1504-3010-2017-02-06>
- FN-sambandet. (2023, 7.Februar). Barnekonvensjonen. Hentet frå <https://www.fn.no/om-fn/avtaler/menneskerettigheter/barnekonvensjonen>
- Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (2021, 7.September). *Bosetting av enslige mindreårige flyktninger*. Hentet frå <https://www.imdi.no/planlegging-og-bosetting/slik-bosettes->

## [flyktninger/enslige-mindrearige-flyktninger/](#)

Integrerings og mangfoldsdirektoratet (2022, 7.Desember). *Barn med fluktbakgrunn – tiltak for inkludering og tilhørighet*. Henta frå

<https://www.imdi.no/contentassets/47d14fcc002b42ccbe1ae8b37385b491/barn-med-fluktbakgrunn-delrapport-1.pdf>

Keles, S., Friberg, O., Idsøe, T., Sirin, S., & Oppedal, B. (2018). Resilience and acculturation among unaccompanied refugee minors. *International Journal of Behavioral Development*, 42(1), 52–63. <https://doi.org/10.1177/0165025416658136>

Oppedal, B., Solhaug, A. K. N., Sivabalan, S. & Akram, M. (u.år). Livskvalitet og mestring blant alenekommende unge flyktninger etter bosetting. Henta frå  
<https://psykiskhelse.no/psykiskoppvekst/rammer/livskvalitet-og-mestring-blant-alenekommende-unge-flyktninger-etter-bosetting/>

RVTS: Flyktning.net. *Traumeforståelser* (u.år). Henta frå  
<https://flyktning.net/oppfolging/traumeforstaelse>

RVTS: Flyktning.net. Psykososial oppfølging (u.år) Henta frå <https://flyktning.net/oppfolging>

Snoec, J. E. & Engedal, K. (2017). *Psykiatri for helse- og sosialfagutdanningerne* (4 utg.). Oslo: Cappelen Damm.

Stang, E. G., (2020). Flyktningbarns rettstilling. I I Eide, K. (red.). *Barn på flukt : psykososialt arbeid med enslige mindreårige flyktninger* (2. utgave.). Gyldendal

Støren, I. (2013). *Bare søk! Praktisk veiledning i å skrive litteraturstudier* (2. utg.). Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Utlendingsdirektoratet (2023, 6.Januar). *40 000 søker om beskyttelse i 2022*. Henta frå  
<https://www.udi.no/aktuelt/40-000-soknader-om-beskyttelse-i-2022/>

Utlendingsdirektoratet (u.år). *Overføringsflyktninger(Kvoteflyktninger)*. Henta frå  
<https://www.udi.no/ord-og-begreper/overforingsflyktninger/>

Varvin, S. (2018). *Flyktningers psykiske helse*. Universitetsforlaget

Watters, C, Oversatt av Sjøbu, A. (2020). Enslige flyktningbarn – en teoretisk og internasjonal oversikt. I Eide, K. (red.). *Barn på flukt : psykososialt arbeid med enslige mindreårige flyktninger* (2. utgave.). Gyldendal.

## **Vedlegg: Utvida søkerlogg for bachelor**

### **Forklaring av oppsettet:**

- I vedlegg 1 vert det vist kva databaser som har vert nytta gjennom bacheloroppgåva mi, samt kva søkeord og kombinasjonar eg har brukt og kor mange treff eg har fått per søk.
- I vedlegg 2 er det meir utfyllande om kva kjelde det gjelder, og kvar/korleis eg fant kjelda i tillegg til ein forklaring av kvifor eg valgte å ta med kjelda i bacheloroppgåva.
- I vedlegg 3 finn du ein kvalitetsvurdering av kjeldene eg har nytta til funna mine.

### **Vedlegg 1: Søkehistorikk**

| <b>Database</b>       | <b>Søk</b> | <b>Søkeord/Kombinasjonar</b>                      | <b>Antall treff</b> |
|-----------------------|------------|---|---------------------|
| Oria/BIBYS            | 1          | Enslige mindreårige flyktninger                   | 30                  |
| socINDEX              | 2          | Unaccompanied minors AND Norway<br>OR Norwegian   | 14                  |
| Academic search elite | 3          | Unaccompanied minor refugees AND<br>mental health | 85                  |
| Academic search elite | 4          | Unaccompanied minor refugees AND<br>recilience    | 18                  |

## Vedlegg 2: Litteraturmatrise

|   | Kilde:  | Kvar/korleis fant eg den  | Kvífor valgte eg den?  |
|---|---|---|--|
| 1 | Eide, K., Kjelaas, I., & Larsgaard, A. K. (2017). Hjem eller institusjon? <i>Tidsskrift for velferdsforskning</i> , 20(4), 317–331. <a href="https://doi.org/10.18261/issn.2464-3076-2017-04-05">https://doi.org/10.18261/issn.2464-3076-2017-04-05</a>   | Denna fant eg via søk på Oria/BIBYS sine sider.   | Artikkelen fant eg på Iduun, som er publisert i tidsskrift for velferdsforskning. Den er og fagfellevurdert. Den tar for seg intervju med folk som arbeider på heimar for einslege mindreårige flyktningar. Eg vurderte denne som relevant for mi oppgåve ettersom den tar med gode synspunkt frå både miljøarbeidarar, og flyktningane. Samt ein del info og forskning om dei enslige mindreårige flyktningene. |
| 2 | Daniel-Calveras, A., Baldaquí, N., & Baeza, I. (2022). Mental health of unaccompanied refugee minors in Europe: A systematic review. <i>Child Abuse &amp; Neglect</i> , 133, 105865–105865. <a href="https://doi.org/10.1016/j.chabu.2022.105865">https://doi.org/10.1016/j.chabu.2022.105865</a> | Denne fant eg via søk på academic search elite. Lag merke til den via første søk men var ikkje før seinare eg fant ut eg skulle nytta den | Eg valgte denne fordi den var absolutt relevant for mi bacheloroppgåve da den tar utgangspunktet i den psykiske helsa til einslege mindreårige flyktningar. Fyrst var eg litt skeptisk sidan det stod at det handlar om dei i Europa. Men etter å ha lese nøye gjennom såg eg ein Imrad struktur, samt at det var forskning som berre gjaldt Noreg om den psykiske helsa til dei mindreårige flyktningane.       |

|   |   |   |   |
|---|---|---|---|
| 3 | <p>Daniel, M., Ottemöller, F. G., Katisi, M., Hollekim, R., &amp; Tesfazghi, Z. Z. (2020). Intergenerational perspectives on refugee children and youth's adaptation to life in Norway. <i>Population Space and Place</i>, 26(6), n/a–n/a.</p> <p><a href="https://doi.org/10.1002/psp.2321">https://doi.org/10.1002/psp.2321</a></p> | <p>Fant denne artikkelen via søk på socINDEX. Denne fant eg etter å ha prøvd ulike søkeord som kunne passe problemstillinga.</p>                          | <p>Her brukte eg relevante søkeord for å få eit meir norsk perspektiv på det. Da kom denne artikkelen opp som handlar om barn og unge som kjem til eit nytt liv i Noreg, og som skal tilpasse seg det nye samfunnet. Det er også ein fagfellevurdert tidskrift som er av realtiv nyare dato, 2020. som gjer at forskninga er ny og den gjer det endå meir relevant å sjå det frå dagens lys.</p>  |
| 4 | <p>Keles, S., Friberg, O., Idsøe, T., Sirin, S., &amp; Oppedal, B. (2018). Resilience and acculturation among unaccompanied refugee minors. <i>International Journal of Behavioral Development</i>, 42(1), 52–63.</p> <p><a href="https://doi.org/10.1177/0165025416658136">https://doi.org/10.1177/0165025416658136</a></p>          | <p>Denne fant eg via eit søk på academic search elite ganske seint ettersom dette var noko eg valgte å ta med etter eg hadde startet skriveprosessen.</p> | <p>Eg ynskja ganske seint i mi oppgåve å ta med resiliens for å få eit perspektiv på korleis dei einslege flyktningane kan klare seg gjennom flukten. Artikkelen er frå 2018, og er ein fagfellevurdert artikkel. Eg såg på debbe sin relevant i mi bacheloroppgåve fordi i artikkelen skil ein mellom å vera motstandsdyktig, sårbare, kliniske og sunne. Og får fram god forskning på både korleis dette utviklar seg og traumer.</p> |

### Vedlegg 3 – Kvalitetsvurdering

| Del A: Innledande vurdering  | Eide et al., 2017 | Daniel-Calveras et al., 2022 | Daniel Marguerite et al., 2020 | Keles et al., 2018 |
|--|-------------------|------------------------------|--------------------------------|--------------------|
| Er formålet med studien klart formulert?   | Ja                | Ja                           | Ja                             | Ja                 |
| Er kvalitativ metode hensikta for å få svar på problemstillinga?   | Ja                | Ja                           | Ja                             | Ja                 |
| Er utformingen av studien hensiktsmessig for å finne svar på problemstillingen?                                | Ja                | Ja                           | Ja                             | Ja                 |
| Er utvalgsstrategien hensiktsmessig for å besvare problemstillingen?   | Ja                | Ja                           | Ja                             | Ja                 |
| Blir dataene samla inn på ein slik måte at problemstillingen blei besvart?                                     | Ja                | Ja                           | Ja                             | Ja                 |
| Blei det gjort rede for bakgrunnsforhold som kan ha påverka fortolkningen av data?                             | Nei               | Ja                           | Nei                            | Ja                 |
| Er etiske forhold vurdert?   | Uklart            | Uklart                       | Ja                             | Ja                 |
| Går det klart fram korleis analysen blei gjennomført? Er fortolkningen av data forståelig, tydeleg og rimeleg? | Ja                | Ja                           | Ja                             | Ja                 |

|   |   |                             |                           |                             |
|---|---|-----------------------------|---------------------------|-----------------------------|
| Basert på svarene på dine punkt 1-8 over, meiner du at resultatene frå denne studien er til å støle på? | Ja                                      | Ja                          | Ja                        | Ja                          |
| Del B:  | Kva er resultata?                       |                             |                           |                             |
| Er funna klart presentert?  | Ja                                      | Ja                          | Ja                        | Ja                          |
| Del C:  | Kan resultata vera til hjelp i praksis? |                             |                           |                             |
| Kor nyttige er funna frå denne studien?   | Eg vurderer dei som nyttige             | Eg vurderer dei som nyttige | Eg vurderer dei som nytte | Eg vurderer dei som nyttige |